

Referat frå møte i SU/SMU onsdag 15. februar

Til stades:

HOKO: Turid G. Snerle

SU: Evy Kveen, Dag Nyøygard, Marianne Skogstad, Elin Tøfte, Tobias Waaktaar-Kahrs, Astrid Brandal, Clara Kolstad, Margaret Sørum, Helen Øygarden og Tor-Even Vågheim

FAU: Tor Inge Jonassen, Elin Tøfte, Marianne Skogstad, Evy Kveen, Kjell Petter Syvergaard, Camilla Aasen

Ungdomsmiljø/elevmiljø

Stoda på fritida: Helen har vore i kontakt med politikontakt Rolv Atle Mallaug som seier at det har vore roleg på fritida. Jørgen Vole seier at det har vore få på ungdomsklubb, det kan ha med noko med å gjere at det er nokre elevar som kan skremme andre frå å delta.

Elevmiljø på skulen

Det har vore roleg etter nyttår. Vi har forsterka inspeksjon og følgjer opp enkeltelevar ekstra. Doane i kjellaren har vore stengt etter ein del hærverk på gutedoen og jenter som gøymer seg på doen mykje av friminutt.

På 8. steg har det vore ein del hærverk. I dag vart det sendt ut sms til foreldre på steget og rektor har vore inne i klassa og prata med elevane. Skulen synest det er synd å måtte bruke mykje tid på å følgje opp dette, det går utover mange elevar og det er kostbart.

Nasjonale prøver

Målet for VUS er å ligge på eller over nasjonalt snitt. I 2021 var vi på eller over på 4 av 5 prøver, i 2022 var vi på eller over nasjonalt snitt på 3 av 5 prøver.

Elevundersøkinga

Gjennomført på alle steg på VUS, sjølv om det berre er obligatorisk på 10. steg.

Resultat på 10. steg viser at elevane våre trivst, dei opplever meir støtte frå lærar enn landssnitt, men mindre støtte heimefrå. VUS skårar betre enn landssnitt på vurdering for læring, læringskultur, meistring, motivasjon, elevdemokrati og medverknad, felles reglar og utdanningrettleiing. På fagleg utfordring har vi noko lågare snitt enn det nasjonale.

8. steg skårar godt på trivsel, litt under landssnitt på støtte frå lærar. Høgare enn nasjonal snitt. Få svar frå gutane på ein del spørsmål, så når ein ser på kva gut/jente har svara, er det ein del som er stjerna på gutane – dvs så fåe svar at det ikkje blir oppgitt pga kan vera gjenkjennbart.

9. steg skårar ikkje like godt som dei andre stega på trivsel. Dei skårar betre enn landssnittet på vurdering for læring og læringskultur.

9. steg skil seg ut ved at dei trivst dårligare enn dei på 8. og 10. Det same gjeld for mobbing.

Grunnskulepoeng

Ein utrekning basert på snittet som elevane har av karakterar på vitnemål. VUS har hatt god utvikling dei siste åra, med unntaket av fjarårets resultat.

Budsjett

I 2022 hadde vi eit meirforbruk på om lag 350 000

I 2023 har vi lagt inn ei auke i årsverk for neste skuleår på grunn av eit stort kull i neste års 8. Steg.

Skulene i Vågå jobbar med bemanning. Det blir endringar fordi Lalm blir lagt ned og det er lyst ut etter nye lærarar.

Elevball

Tilsette ved skulen arrangerte mykje av festen, 10. klasse var med på arrangere. Dei styrte ein del aktivitetar og musikken.

Ymse

Det skjer mykje på skulen i tillegg til undervisning

- Kvar torsdag er det grautservering om morgonen og quiz i matfri
- Elevane skal ha kurs i dans med Vågå spel- og dansarlag
- 8. steg skal ha workshop med kulturskulen
- 9. steg skal til Maurvangen
- 9. og 10. steg skal ha seksualundervisning i regi av medisinstudentar
- Onsdag 31. mai skal vi ha balldag for heile skulen

Frå elevrådet

Elevrådet har teke kontakt med kommunen angåande symjeundervisning, dette er noko elevane på skulen ønskjer seg meir av.

VUS skal jobbe for å få til symjeundervisning frå neste skuleår. Slik det har vore nå har vi ikkje hatt moglegheit til å gjennomføre dette slik at vi kan nå fleire kompetanseområd.

Turid fortel om planen framover for å få til symjebasseng.

Kjell Petter fortel at det er Røde kors som køyrer løype på Sve-jordet. Det må vere mykje snø nå for å oppretthalde løypene.

Referent: Margaret Sørum